



FFO Vestland  
Vestre Strømkaien 7  
5008 BERGEN

31.03.2023

Til medlemmer og varamedlemmer i kommunale og fylkeskommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne i Vestland, valde etter innstilling frå FFO

## **Syns- og hørselshemma i Vestland kan mista eit viktig tilbod!**

Gjennom mange år har kommunane og fylkeskommunen i Hordaland samarbeidd om *Syns- og audiopedagogisk teneste* (SAPT). Her får born, unge og vaksne med syns- eller hørselstap hjelp frå fagfolk til å læra å takla dei utfordringane vi møter i kvardagen. Det kan handla om punktskrift, teiknspråk, eller å bruka ulike hjelpemiddel. Det kommunale ansvaret på dette området er nedfelt i barnehage-opplærings- og folketrygdlovene. Bergen kommune er vertskommune, og tenesta har kring 13 årsverk. Fylkeskommunen dekkjer ti prosent av utgiftene, og resten vert fordelt mellom kommunane etter innbyggjartal. Dette utgjer no omlag 22 kroner per innbyggjar.

SAPT er unikt, i den forstand at det berre er i Hordaland at dette tilboden er organisert på denne måten. I dei andre fylka må kommunane kvar for seg ta hand om dei tenestene SAPT yter – noko dei ofte ikkje gjer.

SAPT står no framfor viktige endringar, som det er avgjerande at vi som representerer FFO i råda for menneske med nedsett funksjonsevne kjenner til og følgjer opp:

For det første skal alle kommunane i Vestland inviterast inn i samarbeidet. Sogn og Fjordane-kommunane skal altså òg få vera med.

For det andre gjer den kommunelova som kom i 2018 at det må lagast ein ny samarbeidsavtale, som må vedtakast av fylkestinget, og av kommunestyra i alle kommunane som ønskjer å vera med.

SAPT er tenkt organisert som eit kommunalt oppgåvefellesskap. Det får dermed ikkje berre eit styre, som det har hatt til no, men òg eit representantskap som møtest ein gong i året, og har eit medlem frå kvar av eigarane. Framlegg til samarbeidsavtale er sendt ut, og kommunane og fylkeskommunen er bedne om å ta stilling til det innan utgangen av mai.



Det er to grunnar til at Blindeforbundet no bed om at råda engasjerer seg:  
For det første bør de etterlysa avtalen, og minna om at den skal til politisk  
handsaming og drøftast i dei organa den skal, før kommunestyra og fylkestinget  
tek stilling til den. Eitt av organa den bør opp i, er rådet for menneske med  
nedsett funksjonsevne.

For det andre er det ikkje berre gjort formelle endringar i høve til den avtalen  
som gjeld no. Iallfall på eitt punkt inneheld framleggset til avtale ei innstramming  
som vi meiner er svært uheldig: Det blir innført ei aldersgrense, slik at berre  
personar under sytti år kan få tenester frå SAPT. Rett nok er det gjort eit  
unnatak, slik at det kan ytast tenester «på systemnivå» til personar over sytti år.  
Med dette meinast vel at medarbeidarar i SAPT t.d. kan delta på kurs der  
kommunalt helsepersonell får kunnskap som dei kan gje vidare til eldre med  
redusert syn eller hørsel.

Når medarbeidarane i SAPT prioriterer, er det heilt greitt at born, unge og  
personar i yrkesaktiv alder kjem før pensjonistane. Men langt dei fleste som  
opplever syns- eller hørselstap er over sytti år, så vi meiner denne gruppa òg bør  
få tenester frå SAPT, sjølv om dette kan bety at det må tilsetjast fleire  
medarbeidarar, og dermed auka kostnader for kommunane og fylkeskommunen.

I Blindeforbundet meiner vi dette er ei alvorleg innvending mot avtalen, og at  
råda bør gjera vedtak som markerer dette.

Ei slik markering kan ta fleire former, og her er eit døme på korleis eit vedtak  
**kan** formulerast:

«Rådet meiner det er ein alvorleg veikskap ved avtalen med *Syns- og  
audiopedagogisk tjeneste Vestland – kommunalt oppgavefellesskap (SAPT)*: Avtalen inneber  
nemlig at personar over sytti år heretter berre skal få tenester frå  
oppgavefellesskapet på systemnivå. Eit stort fleirtal av syns- og hørselhemma  
tilhøyrer denne aldersgruppa, og det er urimeleg at dei langt på veg skal  
stengjast ute frå SAPT sitt tilbod. Det er dessutan verken billegare eller enklare  
for kommunen/fylkeskommunen å stå for desse tenestene sjølv, enn å få dei  
gjennom å vera medeigar i SAPT.»

Tenestene frå SAPT er avgjerande for at menneske med nedsett syn eller hørsel  
kan leva aktive, sjølvstendige liv. Det er viktig at dette interkommunale  
samarbeidet held fram, og vi rår til at kommunen/fylkeskommunen sluttar seg til  
avtalen. Ein klar føresetnad for å skriva under den må likevel vera at  
avgrensinga som gjeld personar over sytti år blir fjerna, slik at SAPT yter  
tenester på individnivå til alle aldersgrupper.»

(Bokmål: «Rådet mener det er en alvorlig svakhet ved avtalen med *Syns- og  
audiopedagogisk tjeneste Vestland – kommunalt oppgavefellesskap (SAPT)*: Avtalen  
innebærer nemlig at personer over sytti år heretter bare skal få tjenester fra  
oppgavefellesskapet på systemnivå. Et stort flertall av syns- og hørselhemmede  
tilhøyrer denne aldersgruppen, og det er urimelig at de langt på veg skal



**Norges Blindeforbund**  
Synshemmedes organisasjon

utestenges fra SAPTs tilbud. Det er dessuten verken billigere eller enklere for kommunen/fylkeskommunen å stå for disse tjenestene selv, enn å få dem gjennom å være medeier i SAPT.

Tjenestene fra SAPT er avgjørende for at mennesker med nedsatt syn eller hørsel kan leve aktive, selvstendige liv. Det er viktig at dette interkommunale samarbeidet fortsetter, og vi anbefaler at kommunen/fylkeskommunen slutter seg til avtalen. En klar forutsetning for å skrive under den må likevel være at begrensningen som gjelder personer over sytti år fjernes, slik at SAPT yter tjenester på individnivå til alle aldersgrupper.)»)

Vennleg helsing

Norges Blindeforbund Hordaland

Magne Bjørndal  
Styreleiar

Mariann Fossum  
Dagleg leiар